



Sund kommune
Postboks 23
5371 SKOGSVÅG

Dato: 03.07.2014
Vår ref.: 2014/12157-26
Saksbehandlar: elsaaro1
Dykkar ref.12/1410-7:

Hordaland - Deltaking og tilskot 2013 i K1 Fylker for universell utforming. Stimuleringsmidlar til Sund kommune – Stranda skule.

Vi viser til søknad datert den 26 06 2014 til Hordaland fylkeskommune om midlar til planlegging av universell utforming av uteområde ved Stranda skule. Uteområdet ved Stranda skule skal utviklast ved at mellom anna universelt utforma aktivitetsløype skal knytast opp til både skulearealet og til ei turløype på baksida av skulen.

Hordaland fylkeskommune har fått tildelt midlar gjennom K1 prosjektet i 2013 – prosjektnummer 1124 1230. Vi har den glede å melde at kr 60 000 av desse midlane kan nyttast til planlegging av uteområde ved Stranda skule slik som skissert i søknad.

Kommunen må når det er gjeve mildar gjennom K1 tiltaket – Handlingsplan for universell utforming 2009 -13 rapportere status i arbeidet gjennom Hordaland fylkeskommune som vidare sender til departementet. Frist for rapportering er 01 11 14. Mal for rapportering vert sendt i annan e-post seinare. Vedlagt akseptskjema som må returnerast til Hordaland fylkeskommune for utbetaling av midlane.

Vi ønskjer til lukke med arbeidet med universell utforming i ved Stranda skule

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Else-Marie Brobakke Aarø
Spesialrådgjevar

Vedlegg: Akseptskjema

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Sund kommune